

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Helse Møre og Romsdal HF
Klinikk for psykisk helse og rus
ved klinikksjef

21.12.20

LSU Volda sjukehusområde ber om at heimel for psykologspesialist vert vidareført

LSU Volda sjukehusområde viser til vårt brev av 11.06.20 til Overordna samhandlingsutval (OSU), med kopi til Klinikk for psykisk helse og rus ved klinikksjef, der det vart uttrykt bekymring for behandlingstilbodet ved Volda DPS poliklinikk. Bekymringa skuldast lav poliklinisk kapasitet på søre Sunnmøre og utfordringar knytt til rekruttering av spesialistar.

På søre Sunnmøre har befolkninga hatt mindre tilgang til psykolog- og legespesialistar for poliklinisk behandling innan psykiatri og rus enn innbyggjarane på nordre Sunnmøre. Det har ført til at pasientar har reist til avtalespesialist i Ålesund der ventetida har vore opp til 12 mnd.

Brukarutvalet sin representant i LSU Volda sjukehusområde tok i møtet vårt 11.12.20 opp at psykologtilbodet på søre Sunnmøre gir rom for bekymring hos brukarane, då ein har forstått det slik at 1 av dei 3 heimlane for psykologspesialist ikkje vert vidareført.

LSU Volda sjukehusområde ber om at denne heimelen vert vidareført.

For Lokalt samhandlingsutval Volda sjukehusområde

Vegard Austnes
sekretær for utvalet

Kopi: Overordna samhandlingsutval (OSU) ved samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal HF